



Ove Malvin Eknes  
Eidavegen 209  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3206 - 18/17175

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
29.05.2018

## Løyve til arealoverføring til uendra bruk- gbnr 239/8 Eknes ytre

### Administrativt vedtak: Saknr: 270/18

Heimelshavar: Ove Malvin Eknes, Ranveig Eknes Reikerås og Wenche Eknes  
Søklar: Ove Malvin Eknes  
Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d. Søknad om dispensasjon, jf. plan- og bygningslova § 19-1.

### Saksutgreiing

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om arealoverføring av eit areal på om lag 1100 m<sup>2</sup> frå gbnr. 239/8 til eigedom gbnr. 238/82.

Det vert elles vist til søknad motteken 29.09.17, vårt brev datert 31.10.17 og e-post frå Oddvar Reikerås 03.11.17.

I epost datert 03.11.17 vert saka endra frå frådelling til arealoverføring.

Ved ein feil har søknaden blitt liggjande uhandsama hjå oss, vi seier oss leie for eventuelle ulempe det har påført dykk.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var klar for handsaming den 03.11.17 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. forskrift om byggesak § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

#### Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF med spreidd bustadbygging og LNF.



Det aktuelle arealet ligg som eit restareal mellom E39 og gbnr. 239/82. Arealet er i dag i det vesentlege opparbeidd og teke i bruk som del av gbnr. 239/82 sitt hageareal.

Kommune har etter ny gjennomgang av saka vurdert at tiltaket kan handsamast som arealoverføring til uendra bruk.

#### **Dispensasjon**

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

#### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan datert 29.09.18.

#### **Tilkomst, avkøyrsløse, parkering, vatn og avløp (VA)**

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

#### **VURDERING:**

##### **Naturmangfaldlova**

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

##### **Vurdering av pbl § 26-1**

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det følj vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomtar som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det er synt i situasjonsplan datert 29.09.17.

#### **Konklusjon**

Kommunen gjev løyve til overføring av eit areal på om lag 1100 m<sup>2</sup> frå gbnr. 239/8 til eigedom gbnr. 239/82.

#### **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til overføring av eit areal på om lag 1100 m<sup>2</sup> frå gbnr. 239/8 til eigedom gbnr 239/82. Løyve gjeld arealoverførign til uendra bruk. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan dagsett 29.09.17, jf. pbl. § 29-4.

**2. Nøyaktig storleik på arealet vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.**

**Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.**

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ansvar**

*Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

**Oppmåling**

Saka vert oversend Geodata avdelinga. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

**Til orientering**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 17/3206

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Oddvar Reikerås	Eknes 95	5993	OSTEREIDET
Oddvar Reikerås	Eknes 95	5993	OSTEREIDET
Ove Malvin Eknes	Eidavegen 209	5993	OSTEREIDET
Ranveig Anny Eknes Reikerås	Eknes 95	5993	OSTEREIDET

**Kopi til:**

Ranveig Anny Eknes Reikerås  
Wenche Eknes  
Wenche Eknes

Eknes 95 5993  
Fanahammeren 24 5244  
Fanahammeren 24 5244

OSTEREIDET  
FANA  
FANA

**Mottakarar:**

Ove Malvin Eknes

Eidavegen 209 5993

OSTEREIDET